

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Dato: 30. januar 2019

Stad: Seminarrom 301, HF-bygget

Frammøtte:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Laura Saetveit Miles (engelsk), Øyvind Gjerstad (fransk), Marco Gargiulo (italiensk), Benedicte Mosby Irgens (japansk), Hildegunn Lahlum Helness (Nasjonale prøvar), Brita Lotsberg Bryn (russisk), Jon Askeland (spansk), Birger Solheim (tysk) og Åse Johnsen (instituttleiar)

Frå gruppe B: Gunn Inger Sture

Frå gruppe C: Gita Rongevær

Frå gruppe D: Ingrid Elise Hamm, Anders Olderkjær Samland, Julie Strandheim og Oda Kristine Westad

Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær utan røysterett.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå rådsmøtet 28. november 2018

Referatet vart godkjent utan merknader. Det er retta opp ein trykkfeil i referatet frå 28.11.18: Under sak 5 skal det stå at det «var ingen innvendingar i møtet mot framlegget om å lysa ut toarstilingar i 2019 på arabisk, italiensk og russisk» (ikkje «japansk, arabisk og italiensk»).

Sak 3 – orienteringssaker

- a) Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal laga oppdatert hms-plan for instituttet. I gruppa sit instituttleiar Åse Johnsen, administrasjonskonsulent Victoria Jensen, verneombod Bente Hannisdal og varaverneombod Hanne S. Misje. Utkast til hms-plan vert lagt fram på rådsmøtet 20. mars.
- b) Møteplan for våren 2019 ligg på <https://www.uib.no/fremmedsprak/23683/møteplan-våren-2019>. Rådsmøta i vårsemesteret er 30. januar, 20. mars og 22. mai.
- c) Instituttleiar orienterte om utlysingar og tilsetjingar ved instituttet (attåtstillingar i tysk og spansk, fast stilling i engelsk lingvistikk, postdoktorstilling på Birgitta-prosjektet, fast stilling i amerikansk litteratur og kultur, fast stilling i japansk lingvistikk, to opne ph.d.-stillingar, ei open postdoktorstilling).
- d) Den noverande strategiplanen for IF går ut i 2019, og instituttet må i gang med å laga ny strategiplan. På allmøtet 8. mars vil ein gå gjennom den noverande strategi- og tiltaksplanen, sjå kva som er oppfylt og kva som skal førast vidare i den nye planen.

Sak 4 – Rekneskap 2018 og budsjett 2019

Uthaug orienterte om rekneskapen for 2018 og driftsbudsjettet for 2019.

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet vedtek driftsbudsjettet for annuum 2019 og tek rekneskapen for 2018 til orientering.

Sak 5 – Retningslinjer for koordinator for fagdidaktikk ved instituttet

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet vedtek dei framlagde retningslinene for vervet som koordinator for fagdidaktikk ved instituttet.

Sak 6 - Ymse

Ingen saker. Instituttleiar minna om at medlemane av instituttrådet kan melda inn til instituttleiar og administrasjonssjef saker dei ønskjer å få opp i rådet.

Åse Johnsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef

Retningslinjer for koordinator for fagdidaktikk ved Institutt for fremmedspråk

VEDTATT AV INSTITUTTRÅDET 30. JANUAR 2019

Retningslinjer for fagkoordinator i fagdidaktikk ved Institutt for fremmedspråk:

1. Fagkoordinatoren i didaktikk skal ha et overordnet oppsyn med fagdidaktikken (inkl. emnebeskrivelser) ved IF.
2. Fagkoordinatoren i didaktikk skal kalle inn de andre fagdidaktikerne ved IF til møte en til to ganger i semesteret for å ta opp spørsmål som gjelder didaktikken i lektorutdanningen og PPU. Her kan man også vurdere å kalle inn administrativ koordinator for lektorutdanningen ved HF, Jan Jacob Hoffman, ved behov.
3. Fagkoordinatoren skal også ta initiativ til at det vurderes fellesforelesninger innen språkfagene der det er hensiktsmessig. For å få til dette må også koordinator ha et overordnet oppsyn med timeplanen.
4. Fagkoordinator skal også ha et overordnet oppsyn med emnene slik at emnebeskrivelser, pensum og vurderingsformer i omfang ikke er veldig forskjellig i det som kan oppfattes som parallelle emner i didaktikkdelen av PPU og lektorprogrammet. Det er også viktig at vurderingsformene er tilpasset de andre emnene som studentene tar parallelt.
5. Fagkoordinatoren skal være representert i UUI.
6. Fagkoordinator får tilsendt høringsaker med relevans for fagdidaktikken.
7. Fagkoordinatoren skal være IF sin representant i Programutvalget for lærerutdanning ved HF (PUHF).
8. Instituttleder peker ut en fagkoordinator for didaktikkstillingene ved IF.
9. Fagkoordinatoren innehar vervet i instituttlederperioden, normalt i fire år.
10. Vervet kompenseres med 100 timer i undervisningsregnskapet hvert semester.